



AGATUNET

Joeldhus i Agatunet
ID nr. 87213-7

Anne Lise Brask Eriksen
Bygningsvernkonsulent

Restaureringsrapport desember 2016





AGATUNET

Restaurering av eldhuset til Jostova.

Tilstand:

Eldhuset har hatt behov for vøle i fleire år. Sperr, berande konstruksjonar, vindauge og kledning har hatt råteskader og toppsvill kvila ikkje lenger på tørrmuren. Deler av tørrmur og bakste-omn var rasa saman.

Gjennomføring:

For året 2015 fekk museet løyva eit tilskot frå post 72 frå Hordaland fylkeskommune, til vøle av eldhuset. Me var avhengig av kunnskapen til tørrmurer og tradisjonsberar Nils Frøynes. Han hadde tid til å utføre arbeidet i 2016, i samarbeid med Agatunet sin handverkar Morten Haavik. Arbeidet starta i august og vart avslutta i desember. Det vart nokre veker stopp i arbeidet grunna ein frostperiode då dei ikkje kunne mura med leire.

Heller vart demontert og merka. Alle råte sperr vart fjerna og nye sperr kopiert og hogga til med øks. Toppsvill vart justert i forhold til mur. Alle råte konstruksjonar vart skifta ut. Deretter vart hellene lagt på plass att nøyaktig slik dei låg. Råte kledning vart skifta med tilsvarande, og vindauge vart teken ut for restaurering på verkstaden i tunet. Deler av pipeløpet måtte murast på nytt. All murstein over tak vart demontert og mura opp att. Ny bakste-omn vart mura i eldfast stein. Tørrmur på utsida vart justert og stein vart lagt opp på nytt mor sør der dei låg i ein røys. All vegetasjon kring huset vart fjerna.

Funn:

Tydeleg skile i mur som vises på innsida er truleg frå ei påbygging mot vest. Opphavleg har eldhuset berre hatt ei grue. På midten av 1800-talet når bakste-omnar eller det me ofte kallar kake-omnar vart vanleg, har dei forlenga eldhuset vel ein meter bakover. Heile vestsida er bygga opp av tørrmur på utsida, leire i muren på innsida og pipeløp over tak i murstein. Eldhuset er truleg opphavleg eldre enn 1800.

Fotodokumentasjon følgjer.



AGATUNET



Foto over viser demontering av heller og sperr mot nord. Foto under viser skøytt i mur der eldhuset på et tidspunkt er forlenget mot vest.



Foto over viser råde sperr og råde kledning mot sør. Under vises knekt opplengje og råde skråstiver.





AGATUNET



Her er handverkarane i gang med å skifte ut råte sperr.





AGATUNET



Foto over viser nymura baksteomn. Den gamle var rast saman. Forskaling settas fyr på. Under vises utside der tørrmur er justert.





AGATUNET



Foto over og under viser mur under arbeid. Stein som låg i ei røys vart lagt på plass.





AGATUNET

jjjj



Sida mot sør før og etter vøle. Her er knekt opplengje og råte skråstivar skifta ut.





AGATUNET



Helletaket er lagt på plass nøyaktig slik det lå før demontering.

